

Nasjonalt nettverk for samfunnsfaga i

lærarutdanningane:

Årsberetning 2024 og arbeidsplan for 2025

Styremedlemmer i nettverket 2024

Region Nord: Rolf Inge Larsen (nestleiar) og Helge Christian Pedersen (vara)

Region Midt: Martin Øystese og Kjersti Eggen Dahl (vara)

Region Vest: Fredrik Stenhjem Hagen og Sigrid Haukanes (vara)

Region Sør: Tord Austdal og Ingunn Vines Kvamme (leiar)

Region Aust: Thor Christian Bjørnstad og Nora Elise Hesby Mathé (vara)

Tal på medlemmer

Styret har rydda i medlemslistene. På bakgrunn av dette, er det p.t. 275 medlemmer i nettverket.

Styremøte i løpet av 2024

Det har blitt halde sju digitale styremøter, sidan januar 2024

Styret sitt arbeid i løpet av 2024

Styret sitt arbeid har dreidd seg om nyhendebrev og oppfølging av samfunnsfagskonferansen. Det har vorte publisert fire nyhendebrev i løpet av styreperioden. Ifølgje styret sin arbeidsplan for 2024, skulle styret også revidera vedtektene til nettverket. Styret har vald å utsetja denne saken. Det heng saman med at det etter styret sitt syn, fyrst vil vera nødvendig å diskutera dei økonomiske utfordringane knytt til nettverkskonferansen. I den samanheng ønsker styret å få innspel til ein nettverksmodell som best mogleg vil sikra at konferansen kan gjennomførast i åra framover. Styret har difor vald å laga ei konsekvensutgreiing – det vil seia forslag til ulike nettverksmodellar som ei av sakene til årsmøtet. Revisjon av vedtektene, blir difor foreslått som ei av oppgåvene til det neste styret.

Forslag til arbeidsplan for 2025

Styret foreslår det komande 2025 å halde fram med kjerneoppgåvene sine. Det vil seia å bidra til å sikra at nettverkskonferansen vert gjennomført. Det er viktig at styret held god kontakt med konferansekomiteen. Dessutan å sikra informasjon om konferansen via nyhende brevet, facebook og nettsida til nettverket. Og ved å arbeida for at det blir planlagt konferansearrangørar for dei to neste åra. Å både oppretthalda og auka talet på medlemmer er eit kontinuerleg siktemål, som det må arbeidast med på fleire ulike måtar, som t.d. lokal rekruttering, særleg ved lærarutdanningane og via sosiale medium. Styret sitt arbeid, krev jamnlege styremøte. Styret bør også arbeida for å spreia informasjon om faglege bidrag og aktivitetar knytt til samfunnsfagsdidaktikk i lærarutdanningane via nyhende brevet og facebook.

Styret for 2025 blir oppmoda til å revidera vedtektene for nettverket slik at det kan behandlast som sak på årsmøtet for 2025